

Ei rettleiing for

Handtering av truslar og vald ovanfor tilsette på Manger skule



1. Når ei hending oppstår

Når ei hending oppstår, er det viktig å vite kva som skal gjerast i akuttsituasjonen, og kva som er vidare oppfølging.

Akutte tiltak

1. Handter den som utøver trussel eller vald på best mogeleg måte, og prøv å avverge ytterlegare skade
2. Tilkall hjelp frå andre vaksne
3. Den som vert forulempa og utøvaren skal takast ut av situasjonen, og vert ivareteken kvar for seg.

NB! Ved tilfelle der bruk av tvang vert sett på som naudsynt, syner ein til «lov om naudrett» som vert brukt ved tilfeller der det er fare for liv og helse.

Naudrett:

Ei handlingsom elles ville vore straffbar, er lovleg når:

- a) den vert føretatt for å redde liv, helse, eigedom eller annan interesse frå ein fare for skade som ikkje kan avvergast på annan rimeleg måte, og
- b) denne skaderisikoen er langt større enn skaderisikoen ved handlinga

Tvang og makt er definert som tiltak som begrensar ein person sitt val-, handle- eller rørslefridom eller som påfører fysisk eller psykisk ubehag.

Lovteksten avgrensar omgrepet tvang og makt til:

Tiltak tjenestemottakaren motset seg (verbal og fysisk motstand).

Vidare oppfølging og tiltak

1. Rektor skal varslast
2. Rektor varslar kommunalsjef ved større hendingar
3. Ved større og alvorlege hendingar trer skulen sin kriseplan inn
4. Ha ein gjennomgong av hendinga med dei involverte
5. Kartlegg og skriv ned hendinga (meld avvik)
6. Gjennomfør ei ny vurdering av risiko kring trussel- og valdssituasjonen med evt nye tiltak
7. Gjennomfør ein etisk refleksjon kring hendinga og val av tiltak

2. Individuell oppfølging

Individuelle skadeverknader – krisereaksjonar

Episodar der tilsette vert utsette for trugslar og vald frå elevar kan opplevast som krise- og stressituasjonar

Krise og stressituasjonar er subjektive og individuelle

Å verta utsett for trugslar og vald kan føre til alvorlege konsekvensar for individet både fysisk, psykisk og sosialt

Skadeverknadane av å verta utsett for vald og trugslar er omfattande. Den individuelle reaksjonen vil variere avhengig av personlegheitsfaktorar, alvorlegheitsgrad, omfang av vald og korleis ein vert fulgt opp.

Oppfølging av den tilsette

Rektor har ansvar for å sjå til at tiltak vert gjennomført.

Tiltak som skal setjast i verk straks

- Den som har utsett for trugslar og vald skal får mogelegheit til å verta tatt ut av arbeidssituasjonen straks
- Dersom det er ein elev som har utøvd ein trugsel/valdshending, skal føresette varslast
- Ved trong for akutt medisinsk hjelp, må den skadde ha følgje til lege eller legevakt
- Dersom det ikkje er trong for akutt medisinsk hjelp, bør den tilsette opphalda seg i miljøet i trygge omgjevnader saman med kollegaer. Vedkomande må verta ivaretatt av eit støtteapparat rundt seg.
- Gjennomfør ein samtale for ein gjennomgang av hendinga med nærare leiar (avd.l, SFO-leiar, rektor), og evt andre kollegaer så snart som mogeleg
- Vis forståing for reaksjonane til den tilsette
- Vurder i samråd med den tilsette om vedkomande sine næraste pårørande skal varslast

- Vurder om den tilsette kan dra heim åleine
- Vurder om det er aktuelt med oppfølging frå arbeidsplassen si side også etter at arbeidsdagen er slutt

Vidare oppfølging/tiltak og tilrettelegging

- Gje den tilsette tett oppfølging i tida etter hendinga
Avd.leiar og/eller rektor må setja av tid til vidare samtalar om det som har skjedd for at den tilsette skal få bearbeidd hendinga
- Prøv å få den tilsette tilbake på jobb som raskt som mogeleg.
Tilrettelegg på arbeidsplassen slik at han eller ho skal kjenna seg trygg, og syt for at tilbakekomst til ordinært arbeid går på ein ivaretakande og skånsom måte
- Leiar syter for at skaden vert registrert og følgd opp i samsvar med rutinar
- Vurder om skaden skal meldast til NAV og/eller forsikringsselskapet.
- Vurder om den tilsette treng annan sikring.
- Følg med på reaksjonar/etterverkander som kan koma etter at ting ser ut til å ha vorte normalisert. Henvis til behandlingsapparatet om naudsynt.

Oppfølging av utøvaren

- Leiar må vurdere om utøvar bør haldast vekke frå staden/eininga/gruppa resten av dagen og ivaretakast særskild
- Føresette skal varslast der utøvar er mindreårig
- Kartlegg og noter hendinga
- Leiar gjennomfører deretter ein samtale med utøvar og føresette om det som har skjedd
- Avklar om det skal iverksetjast eit apparat/tiltak kring utøvaren:
 - skal helsesøster/helseteam involverast?
 - skal barnevernet kontaktast?
 - politi?
 - utvisning?
 - skal det tilførast ekstra ressursar?
- Utøvaren og føresette må få god informasjon om kva som vil skje i fortsetjinga

Andre som er tilstades

- Vitne til episoden bør ivareta (andre born, tilsette, føresette ..)
Det må sikrast naudsynt tilsyn med borna dersom elevane sin lærar/fagarbeidar er involvert i episoden
 - gje felles informasjon om det som har skjedd. I nokre saker treng alle born ved skulen informasjon.
 - gje sakleg informasjon
 - gje dei som har trong for det rom for å bearbeida reaksjonane
 - ver merksam på borna sine reaksjonar i tida framover. Ta kontakt med helsesøster, PPT og/eller andre faginstansar ved behov
 - vurder om føresette til dei borna som var tilstades under hendinga, skal få ei skriftleg orientering

Arbeidsmiljøet

Kollegane vert påverka når ein arbeidskollega vert ramma av ein trugsel eller valdshending. Ting kjem nært innpå, og kollegaer har ofte trong for å snakke om det som har skjedd. Det er viktig å skape rom og arenaer for dette.

Dei tilsette som var på jobb under hendinga, men også øvrige tilsette må få:

- Oversikt over hendingsforløpet
- Tilbod om å samlast og snakke om kjenslemessige reaksjonar og fakta kring hendingsforløpet
- Dele opplevinga kollegaer imellom for å få fram eit realistisk bilete av situasjonen
- Gje og ta mot støtte frå kollegaer for å fremje meistrings- og gruppekjenla i arbeidsmiljøet

Avhenging av episoden må ein tilby den ivaretakinga og oppfølginga personalet treng. Det må vere særskild fokus på ivaretaking av den neste tilsette som skal gå inn i tilsvarande arbeidssituasjon.

I etterkant av ei hending

Leiing må i etterkant av hending gå gjennom det som har skjedd. Her er også Arbeidsmiljøgruppa si rolle sentral.

Det kan vera trong for å lage ei ny risikovurdering basert på moment til avklaring nemnd under:

Moment til avklaring:

- kva har skjedd?
- har rutinane fungert som dei skal
- har kontakten med ressurspersonar fungert?
- korleis har oppfølging av tilsett/tilsette, elev/elevar, øvrige elevar, kollegaer fungert?
- er det noko ein kunne gjort for å førebyggje/begrense skadeomfanget av hendinga?
- er det trong for å gjere endingar?

LIVSKRISEHJELPA

Legevakta

Livskrisehjelpa ved Bergen legevakt er eit tilbod til menneske i akutte kriser. Her treff ein spesialutdanna mannskap som kan hjelpe menneske som er utsette for alvorleg sjukdom eller ulukke, som opplever konfliktprega samlivsbrot, psykiske vanskar, sjølvmoordskriser, eller som er pårørande etter sjølvmoord, brå død eller andre hendingar. Dette er eit såkalla lågterskeltilbod, det vil seie at ein kan ta kontakt direkte, utan å måtte ha henvisning, og det er gratis.

Bergen legevakt i Solheimsgaten 9 – **55568754**

Opningstider:

kl 08.30-22.30 kvardagar

kl 12-20.30 laurdag/søndag og helligdagar

